

## ÅRSMELDING 1990 FOR JOSTEDAL SPEL OG DANSARLAG.

På årsmøte 20. januar 1990 vart desse valt inn i styret:  
Harald Hesjevoll (leiari), Kåre Fossøy, Kari Halveg, Lars Vigdal,  
og Oddbjørg Ese. Sist nemde har i meldingsåret vore skrivar for  
laget. Lars Vigdal har vore kasserar.

Styret har hatt 4 styremøte, og eit fellesmøte med aktive spele-  
menn og dansarar i laget.

Jostedal spel og dansarlag har vore representert på 3 møte i  
Bygdalaget i meldingsåret.

KONSERTAR/DANSEFESTAR/FRAMSYNINGAR.

17. februar -90 arrangerte Jostedal spel og dansarlag og Jostedal  
Folkeakademi konsert og dans på Solvang kafé og pensjonat.

Deler av Folkemusikkgruppa i Sogn og Fjordane hadde program  
gjennom Folkeakademiet. Jostedal spelemannslag spelte til dans  
etterpå.

24.-25.februar arrangerte Bygdalaget Kulturhelg. Jostedal spelemanns-  
lag var med og underheldt på konserten søndagen.

16.mars hadde Jostedal spel og dansarlag og Folkeakademiet igjen  
samarbeidd. Denne gongen var det Brimi & Faukstad som underheldt.  
Spelemannslaget og Brimi & Faukstad veksle på å spele til dans.  
Arrangementet var også denne gongen lagt til Solvang kafé og pensjonat.

9.juni arrangerte Jostedal spel og dansarlag konsert og dans i  
Samfunnshuset.

Desse deltok på konserten:

Elle's, Arve Rønneid, Heidrun's, Harald og Reidun, Janne Britt's.  
Else Marie og Jomar , Spelemannslaget og Nye Ringnesin.

Nye Ringnesin spelte til dans.

Det vart også diskha opp med mylse utover natta.

6. mai vart Sigrun og Lars Vigdal, juniordansarane og Einar Ese  
tinga til å spele og danse på Distriktsmøte i Lion's klubb på  
Eikum hotel.

15. september vart Folkemusikken og Folkedansen sin dag over  
heile landet. I samband med det hadde Jostedal spel og dansarlag

valt å markere dagen på Pyramiden.

Spelemannslaget spelte og ei gruppe dansarar viste fram fleire dansar, m.a. Jostedalsspringaren.

Det vart delt ut flygeblad.

29.desember arrangerte laget Romjulsball i Samfunnshuset.

Spelemannslaget spelte til dans. Frammøte var ikkje av det heilt store, men det gav likevel eit fint overskot til kassa.

#### FREDAGSDANSAR.

Laget har i løpet av året arrangert to fredagsdansar. Den eine var på Solvang kafé og pensjonat.

Den andre fredagen heldt me til i Samfunnshuset. Før dansen hadde me framsyning av 8 mm filmar som viste opptak av Jostedalsspringar, Hamborgar og Atterpolka. Anna og Lars Kreken, Brita og Sjur Gjerde, Olina Hesjevoll og Anders K. Bjørk og Andreas Bjørk var dei som dansa på filmane.

I tillegg til fredagsdansane har dei aktive dansarane hatt ein del danseøvingar dette året. Dette har vore spesielt intensivt føre kappleikane.

Spelemannslaget har hatt nokre speløvingar.

#### KAPPLEIKAR

Jostedal spel og dansarlag har hatt stor deltaking på kappleikar det siste året. Dette er spesielt innan dans klasse C. Laget kan no stille med mange unge dansarar, og det er verd å merke seg det arbeidet Sigrun og Lars Vigdal har lagt ned i opplæring av unge dansarar dei siste åra.

#### Fylkeskappleiken i Naustdal 30.-31. mars.

Laget hadde sett opp buss. Me hadde innkvartering på Sunnfjord Folkehøgskule. Laget stilte med mange deltagarar i dans klasse C. Laget stilte også med deltagarar i dans klasse B, A og lagdans, og deltagarar i gruppespel og lagspel.

Deltakarane gjorde det jamt over bra. Jostedal spel og dansarlag vart fylkesmeistarar i lagdans junior og senior.

Sigrun Vigdal var dommar i dans.

LANDSKAPPLIKEKEN I NORDFJORDEID 20.-24.JUNI.

Jostedal spel og dansarlag deltok i lagdans senior. I tillegg var laget representert i dans klasse C, B og A.

M.a. fekk Randi Fossøy og Dagfinn Kreken ei fin plassering i dans klasse C.

VESTLANDSKAPPLIKEKEN PÅ VOSS 10.-12. AUGUST:

Laget hadde sett opp buss til denne kappleiken også. Det var såleis mange som tok turen.

Mange stilte i dans klasse C. Morten Vigdal og Anny Yttri delte vestlandsmeistartittelen i klasse C med eit anna par.

Morten Vigdal vart på Voss vestlandsmeistar i sin klasse for 3.året på rad. Dei to åra før dansa han med Anne Kristin Haugen.

Jostedal spel og dansarlag vart vestlandsmeistar i lagdans junior. Harald Hesjevoll var dommar i spel.

KURS.

Nybyrjarkurs i gammaldans som vart starta i -89 fortsette vinteren -90.

Leiar:Sigrun og Lars Vigdal.

Spelemann:Einar Ese og Jarle Sperle.

24.-25. februar arrangerte laget Swing-kurs for nybyrjarar.

Oddbjørn Skjerdal m/fylgje var leiar.

Kurset var gratis for dei 70-80 deltakarane som hadde møtt fram i Samfunnshuset denne helgi.

Laget planlegg no ei oppfølgjing og vidareføring av dette kurset.

Springar og gammaldanskurs for nybyrjarar starta opp i desember -90

Leiarar: Sigrun og Lars Vigdal

Spelemann:Einar Ese

På kurset deltek 12 dansarar. Desse er stort sett av yngre garde.

Felekurs for nybyrjarar tok til 20.januar -90.

Leiar: Reidun Hesjevoll

Kurset har 4 unge deltakarar.

Toradarkurs for nybyrjarar tok til 24.januar.

Leiar: Jomar Hesjevoll

Kurset har 8-9 deltagarar.

Ein del av medlemmane våre har delteke på kurs arrangerte utanfor Jostedalen.

Instruktørkurs 1 og 2 for felespelarar vart halde på Dragsvik Fjordhotell, og gjekk over to helgar i januar -90.

Arrangør var Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

Reidun og Harald Hesjevoll var deltagarar på desse to kursa.

I oktober -90 var Sigrun og Lars Vigdal deltagarar på eit kurs i Trondheim, "Dans lokalt, overalt".

Kurset var det fyrste i ei rekke samlingar. Ei vidareføring av kurset vert på Lillehammer juni -91. Målet er at Sigrun og Lars Vigdal skal delta der med dei dansarane dei har lært opp.

#### UTSENDINGAR TIL MØTE.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Folkemusikklag vart halde på Vassenden 3. mars -90.

Harald Hesjevoll representerte laget.

NILS OG JOHANNA ORMBERG vart der tildelt FOLKEMUSIKKPRISEN 1990 i saman med Peder Raad frå Breim.

Årsmøte i Landslaget for spelemenn vart halde i Bergen 21.-22. april Harald og Dagrunn Hesjevoll representerte laget der.

Kåre Fossøy har i ein to-års periode site i styret for Sogn og Fjordane Folkemusikklag.

#### INNKJØP.

Som dei fleste av dykk allereie har sett har Jostedal spel og dansarlag fått seg eit fint premieskåp som prydar veggen i Samfunnshuset. Skåpet er det SJUR GJERDE som har laga. Han har arbeidd skåpet utan at arbeidet har kosta laget noko. Ein stor takk til Sjur for det.

Sjur, Jarle Sperle og Norvald Tuften var dei som fekk skåpet på

plass i samfunnshuset.

Laget har i år gått til innkjøp av videokasetten med Jostedals-  
springaren. Det er høve for medlemmene å låne kasetten.

Det er også kjøpt inn Kondensatormikrofonar med fantommating.

Laget har i meldingsåret hatt 73 medlemmer.

Oddbjørg Ese

Oddbjørg  
Ese